

Til sak 3 Årsmelding for år 2017 Hadeland dialekt- og mållag

til årsmøtet 12. februar 2018

Hadeland dialekt- og mållag har i 2017 hatt 7 styremøte.

Årsmøtet 27. februar 2017 hadde vi på Granavolden Gjæstgiveri Torill Nedberge Klevmark leia årsmøtet.

Etter årsmøtet inviterte vi til eit interessant foredrag om stadnamn av Jorunn Aarsby, Toten.

Aktivitetar

17.05.2017 Minnestund over A. O. Vinje ved grava. Mannskoret KK opna med Vinje-songar, og Tora Aasland heldt minnetale der ho la vekt Vinje som nasjonsbygger.

30.07.2017 markerte vi saman med Kirken i Gran. Gunvor Raastad las og la ned krans på grava til Vinje.

21.09.2017 deltok laget i «Elvelangs Vigga» i Brandbu med Else Randi Kvåle, Torill Nedberge Klevmark og Reidun Sørensen.

12.08.2017 Randsfjordfestivalen, Jevnaker. Reidun på stand med yrande folkeliv.

Dialekttempen for Hadeland

Styret samarbeider godt med Dialekttempen AS i Kristiansand som lagar gradestokkar med dialektord på. Gunvor Kjendlie har vore vår kundekontakt sidan hausten 2015 t.o.m. 2017. I 2018 har Einar Raastad teke på seg denne viktige oppgåva. I 2017 leverte vi til seks butikkar i Gran kommune.

Omsetnaden i fjor var om lag kr 330.000 lågare enn i 2016.

Hadeland Litteraturforum

Torill Nedberge Klevmark er vår representant i Hadeland Litteraturforum, som er eit samarbeid mellom Gran bibliotek, Foreningen Norden Gran, Randsfjordmuseene avd. Hadeland, Kirkeakademiet på Hadeland og Hadeland dialekt- og mållag. Gjennom Hadeland Litteraturforum bygger vi ei felles plattform for litteratur og språk.

For sesongen 2016-2017 fekk forumet etter søknad 50 000 kr frå Fritt ord til tema «Språk som kultur». Den 30.03.2017 tala Sylfest Lomheim om «Den fysiske samtalen er den viktigaste» i Gran bibliotek.

Sommaren 2017 søkte og fekk forumet for fjerde gong 50.000 kr frå Fritt ord, nå til tema «Norsk litterær kanon». 25.04.2018 kjem Grethe Fatima Syed og talar om Olav Duun.

Vinje-jubileet 2018 i Gran

Jubileumskomiteen er sett saman av Helge Midttun, Torill Nedberge Klevmark, Elin Mathisen, Ragnar Torbergesen og Reidun R. Sørensen. Komiteen har hatt 8 møte og førebur kulturtiltak i jubileumsåret saman med kulturberarande lag og foreningar, kyrkja og biblioteket. Jubileumskomiteen har hatt to møte med våre dyktige medarrangørar. Alle stilte til felles pressekonferanse 15.09.2017 på Presteenkesetet Sjo, der vi presenterte 200-årsjubileet for A.O. Vinje for avisa Hadeland.

Austmannalaget

Reidun Sørensen har vore vara til styret i Austmannalaget og teke del i telefonmøte.

Representasjon

Jubileumskomiteen for *Vinje-jubileet 2018 i Gran* møtte Vinje kommune i april 2017 på Granavollen. Frå regional og lokal komite i Vinje møtte ordføraren, ass. rådmann, kultursjefen og Aasmund Nordstoga som er kunstnarisk leiar i komiteen.

Vinje kommune har invitert vår jubileumskomite til si feiring 6.-8. april 2018.

Tillitsvalde etter årsmøtet i 2017

Leiar og skripar Reidun R Sørensen, nestleiar Else Randi Kvåle, kasserar Helge Midttun fram til mai då Einar Raastad kunne overta kasserarvervet, styremedlemmer Torill Nedberge Klevmark og Mari Svenbalrud.

Varafolk: Gunvor Kjendlie, Vemund Viken og Helge Midttun.

Ettersynsmann: Helge Midttun

Valnemnd: Else Randi Kvåle, Mari Svenbalrud og Helge Midttun.

Medlemssituasjonen

Per 31.12.2017 har laget 36 betalande medlemmer, som for eit år sidan.

28 medlemmer bur i Gran, 4 i Lunner, 3 i Jevnaker og 4 bur utanfor Hadeland.

Vi ønsker velkommen til 5 nye medlemmer.

Austmannalaget hadde 602 betalande medlemer i 2017, mot 542 i 2016.

Styret